



**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset  
**Dato:** 28.04.2016  
**Tid:** 19:00 – 21:30

### Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordfører	AP
Christin Lindberg Skansen	Varaordfører	AP
Olav Gisle Noraberg	Medlem	AP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Øyvind Kile	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasman	Medlem	SP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

### Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP

### Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Gjermund Zakarias Bergsland	Kjell Sverre Thoresen	SP
Karl Rune Hansen	Olav Gisle Noraberg i sak 29	AP

### Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)  
23/16 – 30/16

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

\_\_\_\_\_  
Erik Skjervagen  
ordfører

Fellestenesta  
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland  
rådmann

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald
-------------------	---------

---

PS 23/16	Referatsaker 28.04.2016
PS 24/16	Plan for forvaltingsrevisjon 2016-2019
PS 25/16	Årsmelding 2015 - Kontrollutvalet i Fyresdal
PS 26/16	Vedtekter næringsfondet/konsesjonskraftfond
PS 27/16	Gjennomgang av Personalpolitiske retningslinjer april 2016
PS 28/16	Styrking av næringsfondet
PS 29/16	Søknad om fritak frå politisk verv i formannskapet

Fyresdal 20. april 2016

Erik Skjervagen  
ordfører

Fellestenesta  
utvalssekretær

Samrøystes for å handsame sak 29 som fyrste sak på sakslista etter orienteringar.

Samrøystes for å handsame ettersendt sak 30/16 – Serveringsløyve Fyresdal Kurs og Leirstad as – endring av dagleg leiar.

## **PS 23/16 Referatsaker 28.04.2016**

### **I møtet:**

- Orientering om utviklingsarbeidet i Fyresdal Næringshage AS v/ Olav A. Veum og Kristin Vedum.
- Orientering om status i Bioøkonomiprojektet v/ Olav A. Veum.
- Rådmannen orientera om vidare arbeid med utviding av samarbeid mellom kommunane i Vest – Telemark.

## **PS 24/16 Plan for forvaltingsrevisjon 2016-2019**

### **Innstilling frå kontrollutvalet i Fyresdal kommune:**

" Overordna analyse for Fyresdal kommune tas til orientering.

Plan for forvaltingsrevisjon 2016-2019 godkjennast slik den ligg føre, med fylgjande prosjekter i prioritert rekkefølge:

1. Gimle skule
2. Pleie- og omsorgstenester

Kontrollutvalet får fullmakt til å endre planen i perioden

Kommunestyret ber administrasjonen undersøke moglegheit for at dei kan gjennomføre "Effekten av Næringsarbeidet" som eit prosjekt.

Administrasjonen kjem tilbake til kommunestyret ved eventuelle kostnader og forslag til gjennomføring av prosjektet".

### **Handsaming i Kommunestyret - 28.04.2016**

Leiar i Kontrollutvalet, Annveig Veum Aas orientera om saka.

#### **Framlegg frå Arbeiderpartiet:**

Overordna analyse for Fyresdal kommune takast til orientering.

Plan for forvaltingsrevisjon 2016-2019 godkjennast slik den ligg føre, med fylgjande prosjekter i prioritert rekkefølge:

1. Gimle skule
2. Pleie- og omsorgstenester

Det blir utarbeid ei liste der det vert gjort greie for kva for bedrifter som har fått tildela tilskudd dei siste 10 åra, størrelsen på tilskuddet, antall ansatte då tilskuddet blei tildela og ansatte pr idag.

Avrøystinga vart gjennomført i tre deler:

Samrøystes for prioritert rekkefølge.

10 røyster for å stryke fylgjande setning: *Kontrollutvalet får fullmakt til å endre planen i perioden.*

11 røyster for å endre seiste avsnitt til: *Det utarbeides en liste der det redegjøres for hvilke bedrifter som har fått tildelt tilskudd de siste 10 årene, størrelsen på tilskuddet, antall ansatte da tilskuddet ble tildelt og ansatte pr idag.*

#### **Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016**

Overordna analyse for Fyresdal kommune takast til orientering.

Plan for forvaltingsrevisjon 2016-2019 godkjennast slik den ligg føre, med fylgjande prosjekter i prioritert rekkefølge:

1. Gimle skule
2. Pleie- og omsorgstenester

Det blir utarbeid ei liste der det vert gjort greie for kva for bedrifter som har fått tildela tilskudd dei siste 10 åra, størrelsen på tilskuddet, antall ansatte då tilskuddet blei tildela og ansatte pr idag.

### **PS 25/16 Årsmelding 2015 - Kontrollutvalet i Fyresdal**

#### **Tilråding frå kontrollutvalet:**

Fyresdal kommunestyre tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2015 – Fyresdal kommune til vitande.

#### **Handsaming i Kommunestyret - 28.04.2016**

Samrøystes i samsvar med tilrådinga frå kontrollutvalet.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016**

Fyresdal kommunestyre tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2015 – Fyresdal kommune til vitande.

### **PS 26/16 Vedtekter næringsfondet/konsesjonskraftfond**

#### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommunestyre godkjenner framlegg til vedtekter, slik dei ligg føre.

#### **Handsaming i Kommunestyret - 28.04.2016**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016**

Fyresdal kommunestyre godkjenner framlegg til vedtekter, slik dei ligg føre.

## **PS 27/16 Gjennomgang av Personalpolitiske retningslinjer april 2016**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune sine Personalpolitiske retningslinjer blir vedtekne slik dei ligg føre. (sjå vedlegg).

### **Handsaming i Administrasjonsutvalet - 13.04.2016**

Den vart røysta over fyljande framlegg:

Frå Fagforbundet:

Pkt. 3.6        Stillingsvern for arbeidstakarar etter 1 års sjukmelding blir ståande som før.

Samrøystes

Pkt. 8        Livsfasetiltak. Fagforbundet ynskjer at livsfasetiltak i PPR blir ståande som før; "Frå fylte 62 år får tilsette i 100% stilling, tilsvarande mindre i delstilling, 1 veke fri med løn."

Framlegget fall mot to stemmer

Pkt. 8        Livsfasetiltak:

Framlegg frå Olav Gisle Noraberg:

Tilsette som har fylt 62 år før kommunestyret gjer vedtak, beheld ordninga med ekstra ferieveke med løn fram til 31.12.2016.

Vart sett opp mot framlegg frå Tone I. Veum;

Ny ordning skal gjelde frå 01.01.2017

4 røyster for framlegget til Tone I. Veum, 1 røyst for framlegget til Olav Gisle Noraberg

Framlegg frå Olav Gisle Noraberg

Pkt. 3.2        Fri for feiring av nasjonale høgtidsdagar som ikkje er offisielle etter norsk kalender utgår.

Samrøystes.

Framlegg frå Inger Angell

Pkt. 6.1        Arbeidstid

Avdeling helse har fast arbeidstid frå 08.00 – 15.30 heile året, dette blir gjort gjeldande frå 01.01.2017.

Samrøystes

Personalpolitiske retningslinjer blir vedtekne slik dei legg føre, med dei endringar som kjem fram i handsaminga.

Samrøystes.

### **Vedtak i Administrasjonsutvalet - 13.04.2016**

Personalpolitiske retningslinjer blir vedtekne slik dei ligg føre med fyljande endringar:

Pkt. 3.2 Fri for feiring av nasjonale høgtidsdagar som ikkje er offisielle etter norsk kalender utgår.

Pkt. 6.1 Arbeidstid

Avdeling helse har fast arbeidstid frå 08.00 – 15.30 heile året, dette blir gjort gjeldande frå 01.01.2017.

Pkt. 8 Livsfasetiltak:

Ny ordning skal gjelde frå 01.01.2017

### **Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 20.04.2016**

Pkt. 5.11 Sluttsamtale

SAMT spør kven som har eigarforhold til dette dokumentet. Berit Ramsvatn-Kemp forklarar korleis det blir bruka. SAMT har eksempel på at det kan vere uheldig, det kan kome opplysningar som er vanskeleg å gå vidare med, t.d. kan vere injurierande. Diskusjon rundt temaet.

Forslag frå leiar om å fjerne pkt. 5.11.1.

Samrøystes

Pkt. 8 Livsfasetiltak

Framlegg frå verneombod Hilde M. Momrak og Fagforbundet Rita T. Metveit om at dette punktet ikkje blir endra.

Samrøystes

Pkt. 6.3

Framlegg frå rådmannen om fyljande tillegg; "Fleksitid kan opparbeidast frå 07.00 – 18.00, om det ikkje er til ulempe for avdelinga og / eller tenesta".

Samrøystes

Pkt. 11 fjerne definisjon på AKAN, ikkje lengre i bruk

Samrøystes

### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 20.04.2016**

Personalpolitiske retningslinjer blir vedtekne slik dei ligg føre med fyljande endringar:

Pkt. 5.11.1 Sluttsamtale blir fjerna.

- Pkt. 6.3      Fleksitid. Fyrste setning blir endra til; "Fleksitid kan opparbeidast frå 07.00 – 18.00, om det ikkje er til ulempe for avdelinga og / eller tenesta".
- Pkt. 8            Livsfasetiltak Punktet blir ikkje endra.
- Pkt. 11          AKAN, fjerne definisjonen då denne ikkje lengre blir bruka.

### **Handsaming i Kommunestyret - 28.04.2016**

#### Framlegg frå Olav Gisle Noraberg:

Som vedtak i ADMU men fylgjande endring:

Punkt 6.3. – Fyrste setning blir endra til:

Fleksitid kan opparbeidast frå 07.00 – 18.00, om det ikkje er til ulempe for avdelinga og/eller tenesta.

#### **Samrøystes**

Punkt 11 Fjerne definisjonen på AKAN. (det som står i parantes)

#### **Samrøystes**

#### Framlegg frå Torleiv Hvistendahl:

Punkt 12 - Fjerne premiering av trimkort med 10.000,- kroner, midlane overførast til OKO-utvalet

#### **Samrøystes**

Samrøystes for vedtaket i ADMU

Nytt reglement gjeld frå vedtak er fatta der anna ikkje er nevnt.

### **Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016**

Personalpolitiske retningslinjer blir vedtekne slik dei ligg føre med fylgjande endringar:

- Pkt. 3.2      Fri for feiring av nasjonale høgtidsdagar som ikkje er offisielle etter norsk kalender utgår.
- Pkt. 6.1      Arbeidstid  
Avdeling helse har fast arbeidstid frå 08.00 – 15.30 heile året, dette blir gjort gjeldande frå 01.01.2017.
- Pkt. 6.3.      Fyrste setning blir endra til:  
Fleksitid kan opparbeidast frå 07.00 – 18.00, om det ikkje er til ulempe for avdelinga og/eller tenesta.
- Pkt. 8            Livsfasetiltak: **Ny ordning skal gjelde frå 01.01.2017**
- Pkt. 11          Fjerne definisjonen på AKAN. (det som står i parantes)
- Punkt 12      Fjerne premiering av trimkort med 10.000,- kroner, midlane overførast til OKO-utvalet.

Nytt reglement gjeld frå vedtak er fatta der anna ikkje er nevnt.



## **PS 28/16 Styrking av næringsfondet**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Kommunestyret sitt tidlegare vedtak om låneopptak på kr 600.000,- til investeringar reduserast til kr 150.000,- som førast over sjølvkostområdet.

### **Handsaming i Kommunestyret - 28.04.2016**

#### Framlegg frå Tone I. Veum:

Viser til vedtak i K-sak 22/16 – Finansiering av aksjekaup vert endra slik: Aksjekaupet på kr 550.000,- vert finansiera ved omprioritering i investeringsbudsjettet, der kr 400.000,- istadenfor blir lånefinansiert. Resten,kr 150.000,- finansierast ved løyving frå næringsfondet.

10 røyster for rådmannen si innstilling.  
7 røyster for framlegget frå Tone I. Veum.

### **Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016**

Kommunestyret sitt tidlegare vedtak om låneopptak på kr 600.000,- til investeringar reduserast til kr 150.000,- som førast over sjølvkostområdet.

## **PS 29/16 Søknad om fritak frå politisk verv i formannskapet**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Olav Gisle Noraberg får fritak frå vervet sitt som formannschaftsmedlem frå 1. juni 2016 og ut valperioden.

### **Handsaming i Kommunestyret - 28.04.2016**

Olav Gisle Noraberg var ugild i saka og deltok ikkje i handsama. Karl Rune Hansen gjekk inn som vara.

Nils Vidar Pettersen reiste spørsmål om sin habilitet med bakgrunn i sine familiære bånd til søker.

Eit samrøystes kommunestyret fann Nils Vidar Pettersen ugild og han deltok ikkje i den vidare handsaminga. Det var ikkje kalla inn vara så kommunestyret handsama saka vidare med 16 representantar.

Senterpartiet varsla at dei ville gå imot fritak og klage saka inn til Fylkesmannen dersom fritak vart gjeve med dei grunnar som kjem fram i sakspapira.

Etter eit gruppemøte i Arbeiderpartiet trekte Olav Gisle Noraberg søknaden og saka vart difor trekt frå sakskartet.

### **Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016**

## **PS 30/16 Serveringsløyve Fyresdal Kurs og Leirsted as - endring av dagleg leiar**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kurs og leirsted AS med Jostein Waskaas som ny dagleg leiar får innvilga serveringsløyve i samsvar med krava i Lov om serveringsvirksomhet.

### **Handsaming i Kommunestyret - 28.04.2016**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Kommunestyret - 28.04.2016**

Fyresdal kurs og leirsted AS med Jostein Waskaas som ny dagleg leiar får innvilga serveringsløyve i samsvar med krava i Lov om serveringsvirksomhet.